


Stølsmarka

Reguleringsplan for:
Gnr. 137 Bnr. 344, 693, 723 m.fl., Lindås kommune

Ard
arealplan



Ard arealplan

Side | 1

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen

FORSLAGSTILLER SI
PLANSKILDRING

Stølsmarka

gnr. 137, bnr. 344, 693, 723 m.fl.

LINDÅS KOMMUNE

Planid: 1263-201607
Saksnr.: 16/2472

Sist revidert: 08.12.2017

INNHALD

1	Samandrag	4
2	Nøkkelopplysningar	4
3	Bakgrunn for planarbeidet	4
3.1	Bakgrunn	4
3.2	Intensjonen med planforslaget	4
4	Planprosessen	5
4.1	Varsling	5
4.2	Merknader i samband med varsling	5
5	Gjeldande planstatus	6
5.1	Regionale planar / fylkes(del)planar	6
5.2	Kommuneplan/kommunedelplan	6
5.3	Reguleringsplanar	6
5.4	Eventuelle temaplanar	7
5.5	Statlege planretningslinjer (SPR) / Rikspolitiske retningslinjer	7
5.5.1	Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging	7
5.5.2	Statlege planretningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planlegging	7
5.5.3	Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming	8
6	Skildring av planområdet	9
6.1	Lokalisering	9
6.2	Avgrensing	10
6.3	Tilstøytande areal sitt bruk/status	10
6.4	Eksisterande bygningar	10
6.5	Topografi/landskapstrekk	10
6.6	Soltilhøve	10
6.7	Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve	11
6.8	Grøne interesser	11
6.9	Kulturminne	11
6.10	Veg og trafikktilhøve	12
6.11	Støy	13
6.12	Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning	13
6.13	Energi, vatn og avlaup	14
6.14	Privat og offentleg servicetilbod	14
6.15	Risiko	14
6.16	Privatrettslege bindingar	14
7	Utgreiing i hht. føreskrift om konsekvensutgreiingar	14
8	Skildring av planforslaget	15
8.1	Innleiing	15
8.2	Reguleringsføre mål	16
8.3	Byggeføre mål	16
8.4	Bygg anlegg	16
8.4.1	Kombinert byggje- og anleggsføre mål	16
8.5	Leik/uteopphald	17
8.6	Parkering/garasje(r)	18
8.7	Trafikkareal	18

8.7.1	Veg.....	18
8.7.2	Køyreveg.....	18
8.7.3	Fortau.....	19
8.7.4	Gangveg/gangareal.....	19
8.7.5	Parkeringsplassar.....	19
8.8	Støytiltak.....	20
8.9	Avfallshandtering/miljøstasjon.....	20
8.10	Grøntstruktur.....	20
8.11	Risiko.....	20
9	Konsekvensar av planforslaget.....	21
9.1	Overordna planar og vedtak.....	21
9.1.1	RPR og andre overordna planar.....	21
9.1.2	Kommuneplan.....	21
9.1.3	Kommunedelplan.....	21
9.2	Eksisterande reguleringsplanar.....	21
9.3	Estetikk.....	21
9.4	Universell utforming.....	23
9.5	Konsekvensar for naboar.....	23
9.6	Trafikk- og parkeringstilhøve.....	23
9.7	Kulturminne.....	23
9.8	Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet.....	23
9.9	Privat og offentleg servicetilbod.....	23
9.10	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen.....	23
9.11	Infrastruktur.....	23
9.12	VA og energi.....	23
9.13	Naturmangfald.....	24
9.14	ROS-analyse.....	26
10	Merknadar.....	29
10.1	Samla merknadar.....	29
11	Forslagsstiller sin avsluttande kommentar.....	29

1 SAMANDRAG

Planforslaget legg til rette for å byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole samt vidareutvikle eit grøntområde sørvest for skuleområdet. Tilkomst vil vere frå Alvermarka som er ein kommunal veg.

2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Område	Alverflaten
Gardsnr./bruksnr.	gnr. 137, bnr. 344, 693, 723 m.fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	KDP Knarvik-Alversund: framtidig bustadområde, bygning med særskilt allmennyttig formål og næringsverksemd. RP Alversund utmark: barnehage , område for offentleg formål. RP Buheim: forretning
Forslagstillar	Nordhordland Bibelsenter
Grunneigar (sentrale)	Nordhordland Bibelsenter (137/693, 723) Alversund Montessoribarnehage (137/724) Lindås kommune (137/344)
Plankonsulent	Ard arealplan as
Ny plans hovudføremål	Undervisning og grøntområde
Planområdets størrelse i daa	Om lag 15,9 daa
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	n
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	n
Kunngjering oppstart, dato	30.09.2016
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	

Side | 4

3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Tiltakshavar Nordhordland Bibelsenter ved Egil Magnar Eidsnes og David Engebretsen ynskjer å vidareutvikla eit grøntområde og byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole, i Lindås kommune. I samband med dette er det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Hensikta med planen er å byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole og vidareutvikle eit grøntområde sør for skuleområdet. Tilkomst vil vere frå Alvermarka som er ein kommunal veg.

Det nye tilbygget vil vere på bygget nord i planområdet på eigedomsteig 137/723. Hausten 2014 var elevtalet på 115, men ein ynskjer å utvide talet og må dermed ha meir plass. Skulen har offentleg godkjenning på 196 elevar. Eigedomsteigen 137/344 ynskjer ein å setje av til grøntområde, grøntområdet vert tenkt brukt av skule og barnehage på dagtid, medan busette i nærområdet kan bruke området på kveldstid og i helgane. Ein ynskjer å bevare delar av 137/344 med vegetasjon, resten av arealet vil ein opparbeide med leikeareal og sosial sone.

4 PLANPROSESSEN

4.1 VARSLING

Planen vart varsla naboar og offentlege instansar med brev datert 28.09.2016, og i avisa Strilen 30.09.2016. Frist for å kome med merknadar 12.11 2016.

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Stølsmarka, gnr. 137, bnr. 693, m.fl., i Lindås kommune.



Nordhordland Bibelsenter er tiltakshavar. Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet ligg på Alverflaten i den nordlege delen av bustadområda. Området ligg om lag 4 km frå kommunesenteret Knarvik, og inneheld i dag ein skule, ein barnehage, samt eit grøntområde med skog i særlege del. Området er i kommunedelplanen Knarvik-Alversund 2007-2019 avsett til framtidig bustadområde og bygning med særskilt allmenntittig formål og næringsverksemd.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei utviding av skulen, samt å sikre grøntområdet. Ein ynskjer å legge til rette for at skulen kan utvidast i den nordlege delen av planområdet, der det i dag er parkeringsplassar. Førebelse skisser tyder på at det nye skulebygget får parkeringsanlegg i første etasje, og gymsal i andre etasje. Dette kan endre seg i planprosessen, og endeleg avklaring av etasjetal og byggehøgder vert vurdert i planarbeidet. Planarbeidet har til hensikt å regulere den særlege delen til grøntområde som kan nyttast av både skulen, barnehagen og bebuarar i området. Dette grøntarealet er i dag avsett til bustadføremål, og har tidlegare vore regulert til barnehage. I planarbeidet ynskjer vi å sette området av til grøntformål for kombinert bruk for alle i området. Det er kommunen som er eigar av området.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlege behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen, eller e-post: post@ardarealplan.no innan **12. november 2016**.

Ard
arealplan

Figur 1: Varslingsannonse.

4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

I samband med varslinga kom det inn 6 merknader. Desse at attgjeve og kommentert av planleggjar i kapittel 10.

5 GJELDANDE PLANSTATUS

5.1 REGIONALE PLANAR / FYLKES(DEL)PLANAR


- Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008
- Regional kulturplan: Premiss- kultur, 2015-2025
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - Fleire gode leveår for alle
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026

Side | 6

5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN

Området er regulert i kommunedelplan for Knarvik - Alversund 2007-2019. Denne planen har arealplan-ID: 1263-07032007 og blei vedteken 13.03.2008. Kommunedelplanen førte til at planområdet som tidlegare var regulert til næringsføremål vart endra til allmenntittig føremål.


Planområdet er sett av til framtidig bustadområde og bygning med særskilt allmenntittig formål og næringsverksemd.



Figur 2: Kommunedelplan Knarvik- Alversund 2007-2019.


5.3 REGULERINGSPLANAR

Området er regulert i reguleringsplanen Alversund utmark gnr. 137 bnr. 13 m.fl, (arealplan-ID: 1263 22011973), som vart vedteken 22.01.1973. I Alversund utmark er planområdet i søraust sett av til barnehage, område for offentlig føremål.



Figur 3: Reguleringsplan Alversund utmark.

Reguleringsplanen Buheim gnr. 137 bnr. 284 (arealplan-ID: 1263-11061974) vart vedteken 11.06.1974. I reguleringsplanen er området sett av til forretning, i 1987 ble det gjort ei reguleringsendring med bygningsplan, sjå Figur 4.



Figur 4: Bilete til venstre er reguleringsplan Buheim frå 1974, medan bilete til høgre er bygningsplan frå 1987.

5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- Barnehageplan 2012-2015, Lindås kommune
- Kommunedelplan for skule 2010-2020, Lindås kommune
- Kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022, Lindås kommune

5.5 STATLEGE PLANRETNINGSLINER (SPR) / RIKSPOLITISKE RETNINGSLINJER

5.5.1 Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging

Dei statlege retningslinjene for samordna bustad, areal- og transportplanlegging har som mål at stads- og byutvikling vert tilpassa dei lokale tilhøva og at transportsystem skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggast til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

Vurdering av korleis dette er knytt opp mot planområdet: Planområdet ligg i eit etablert bustadområde i tilknytning til eksisterande vegsystem, med kort avstand til busshaldeplass, handels- og servicetilbod og har såleis ei gunstig plassering for ei vidare utvikling.

5.5.2 Statlege planretningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planlegging

Dei statlege retningslinjene for barn og unges interesser i planlegging har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

Vurdering av korleis dette er knytt opp mot planområdet: Lokaliseringa av planområdet er gunstig med tanke på born og unge. Det ligg skjerna i eit etablert bustadområde, som er med på å sikre eit godt oppvekstmiljø.

5.5.3 Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Dei rikspolitiske retningslinjene for universell utforming har som mål å:

- sikra at planlegging på alle forvaltningsnivå bidreg til ei utvikling mot eit stadig meir universelt utforma samfunn.
- klargjere det offentlege sitt ansvar for at universell utforming vert ivaretatt i planlegginga av byggeområde, uteareal og transportinfrastruktur.
- stimulere til planlegging som gir god tilgjengelegheit og brukbarheit for alle, og som samtidig tilfredsstillar andre samfunnsmessige mål.
- leggja særleg vekt på å ivareta omsynet til personar med nedsett funksjonsevne.
- styrka fylkeskommunens og fylkesmannens moglegheit for innspel og medverknad.

Vurdering av korleis dette er nytt opp mot planområdet: Dette er moment som vert ivareteke av planforslaget.

6.2 AVGRENSING

Planen regulerer eigedomene gnr. 137, bnr. 344, 560, 693, 723, 724 og 764. Planområdet avgrensast av tomtegrensane.

6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Planområdet ligg i eit etablert bustadområde som hovudsakleg består av einebustader. Nord for planområdet går Fv. 565 Alverflaten.

Side | 10

6.4 EKSISTERANDE BYGNINGAR


Det er i dag 3 bygg innafør planområdet. Nordhordland Kristne Grunnskole eig to bygg som er brukt til barne- og ungdomsskule. Det tredje bygget vert brukt av Alversund Montessori barnehage AS. Deler av dei kommunale vegane Alvermarka og Stølsmarka inngår også i planområdet.

6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Planområdet ligg på ei flate, og grøntområdet på teig 137/344 ligg i eit lett kupert terreng. Tveitavarden ligg nordaust for planområdet på 196moh og er det høgste punktet i området. Alvermarka ligg heilt vest i Lindås kommune, her finn ein sjeldan punkt i terrenget som er høgare enn 450moh.

Planområdet ligg på Lindåshalvøya som i følge «Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås» er ein del av den store Bergensbogen som er eit stort flak av hovudsakleg omdanna djupbergartar og gneisar. Bergartene er ein blanding av sure og basiske men ein finn også kalkrike soner og kleberstein.¹

Berggrunnen i planområdet er Anortositt, stadvis i veksling med gabbro.²



Figur 7: Berggrunn

6.6 SOLTILHØVE


Planområdet ligg vestvendt til i eit svakt dalande terreng, og har difor svært gode soltilhøve.

¹ Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås, MVA rapport 2004, s. 13

² Geo.ngu berggrunnskart

6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE

Den sørlege delen av planområdet består av ein teig på rundt 5.2 daa, der arealet i hovudsak er registrert som uproduktiv lauvskog.




Figur 8: Kart over bonitet (Kjelde: gardskart.skogoglandskap.no)

6.8 GRØNE INTERESSER

Det er ikkje registrert stiar, friluftsområde eller andre grønne interesser i planområdet.

6.9 KULTURMINNE

Det er ikkje registrerte kulturminner eller kulturmiljø i planområdet. Men ein finn SEFRAK-bygningar (Bygningar før 1900) og arkeologiske kulturminne i nærleiken.




Figur 9: Kulturminner (kjelde: miljøstatus.no)

6.10 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Planområdet ligg ved Alvermarka, som er ein kommunal veg med gang og sykkelveg mot planområdet. Vegen har ei fartsgrense på 30 km/t. Det er ikkje registrert trafikkmengd på Alvermarka, men på Fv. 565 Alverflaten er det ein årsdøgntrafikk på 7100 og fartsgrensa er sett til 60km/t.


Alvermarka koplar området til fylkesveg 565 Alverflaten om lag 100 meter nordvest for planområdet. Alverflaten er noko ulukkesbelasta. Figur 10 viser trafikkulykker på Alverflaten i tidsrommet 1986-2005. Ved krysset frå Alvermarka til Alverflaten er det registrert 4 ulykker med lettare skadde og 1 med alvorleg skadde. Lengre sør på Alverflaten er det registrert ei dødsulykke, ei ulykke med alvorleg skadde og 8 ulykker med lettare skadde.



Figur 10: Trafikkulykker på Fv. 565 Alverflaten

6.11 STØY

Det er registrert vegstøy frå Fv. 565 Alverflaten i planområdet. Det meste av planområdet ligg i gul støysone, dvs. at årsmidla vegtrafikkstøy ligg mellom 55-65dB. Støysonekartet vart utarbeidd i 2007 i samband med kommunedelplanen for Knarvik-Alversund.




Figur 11: Støysone, temakart til kommunedelplan Knarvik-Alversund.

6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Planområdet vert avgrensa av Fv. 565 Alverflaten i nord. Her ligg det busshaldeplassar i begge retningar som er knytt til planområdet og bustadområdet med gang- og sykkelveg. Frå planområdet går det ein undergang under Fv. 565 som sikrar trygg tilkomst til busshaldeplassen på oppsida av vegen. Frå busshaldeplass Alverflaten nord går rutene 300 (Mastrevik- Knarvik - (Bergen), 311 (Lygra- Feste - Knarvik) og 320 (Manger - Bergen busstasjon).

Frå planområdet er det om lag 4,5 km til Knarvik skysstasjon.



Figur 12: Busshaldeplassar i nærleiken av planområdet.

6.13 ENERGI, VATN OG AVLAUP

Det er offentlege anlegg for vatn og avlaup i området.

6.14 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Frå planområdet er det om lag 4,5 km til Knarvik sentrum, som er eit regionsenter for Nordhordland. Her er det politi, legevakt, alle offentlege funksjonar og alt ein treng innan handel og service. Knarvik senter ligg sentralt i sentrum med over 60 butikkar.

Den nærmaste barnehagen i nærleiken er Alversund Montessori barnehage som ligg i planområdet. Alversund Montessori barnehage er privat. Dei nærmaste offentlege barnehagene er Juvikstølen barnehage som ligg om lag 4 km søraust for planområdet langs Lonsvegen, og Haugen barnehage som ligg sør for Knarvik sentrum om lag 4,8 km sør for planområdet.

Næraste private skule i området er Nordhordland kristne grunnskole, som ligg i planområdet. På skulen er det 1.-10. trinn, og hausten 2014 var elevtalet på 115. Den nærmaste offentlege skulen er Alversund skule, skulen ligg om lag 950 unna i nordleg retning. På skulen er det 1.-7. trinn med to eller fleire klassar på kvart trinn, per 2013 var det 375 elevar ved skulen. Skulen har heilårs SFO-ordning.

Området ligg i Knarvik ungdomsskulekrins. Knarvik ungdomsskule ligg om lag 3,7 km unna i sørleg retning i Juvikstølen.

Rett attmed Knarvik ungdomsskule ligg Nordhordlandshallen, Knarvik Stadion, fleire grasbaner, Knarvik kyrkje og Knarvik vidaregåande skule. Knarvik vidaregåande skule er den største vidaregåande skulen i Nordhordland og ein av dei største i Hordaland. Skulen har åtte studieretningar og meir enn 1000 elevar.

6.15 RISIKO

Det er ikkje knytt risiko til ras- og skredfare i området. Område er heller ikkje utsett for flaum. Området er ikkje markert som aktsemdsområde for radon i Norges geologiske undersøkelse sitt register.

6.16 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENsutGREIINGAR

Føremålet med ein konsekvensutgreiing er å sikre at det vert lagt vekt på omsynet til miljø og samfunn i planarbeidet. Konsekvensutgreiinga skal nyttast som verktøy når det skal avgjerast om, og etter kva slags krav, planar eller handlingar denne skal gjennomførast. Det er opp til forslagstiller sjølv å vurdere om planforslaget kjem inn under føreskriftens verkeområde.

Etter § 2 *Planar som alltid skal handsamast etter føreskrifta d)*, skal områdereguleringar og detaljreguleringar på meir enn 15 dekar, som omfattar nye områder til utbyggingsformål behandlast. Denne detaljreguleringsplanen omfattar ikkje nye områder til utbygging, då areala allereie er avsett til bustadareal i kommunedelplanen. Etter § 2 f), skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg I behandlast. Denne detaljreguleringsplanen fall ikkje inn under nokon av tiltaka i vedlegg I.

Etter § 3 *Planar som skal vurderast nærmare b)*, skal detaljreguleringar på inntil 15 dekar som inneberer endringar av kommuneplan eller områderegulering vurderast etter vedlegg III. Denne detaljreguleringsplanen endrar ikkje gjeldande områderegulering. Etter § 3 c), skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II, vurderast etter vedlegg III. Denne detaljreguleringsplanen fall ikkje inn under nokon av tiltaka i vedlegg II.


Planforslaget kjem inn under føreskriftas verkeområde.

8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET

8.1 INNLEIING

Planforslaget legg til rette for å byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole og å vidareutvikle grøntområdet på eigedomsteig 137/344. Tilkomst til området vil vere frå Alvermarka, som er ein kommunal veg. Området som er sett av til framtidig bygning med særskilt allmenntytting formål og næringsverksemd i kommunedelplan for Knarvik-Alversund 2007-2019 vil bli lagt til rett for kombinert byggje- og anleggsformål og er vidare godkjent for forsamlingslokale og undervisning. Området vert delt i to delfelt med dette formålet, BKB1 kor det vert lagt opp til barnehage og undervisning, og BKB2 kor det vert lagt opp til undervisning og forsamlingslokale. Ved grøntområde på eigedomsteig 137/344 ynskjer ein å utvikle deler av området til uteoppfallsareal, medan resterande areal vil verte bevart slik det er i dag.

Side | 15



Figur 13: Reguleringsplanforslag.

8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål		Totalt areal
Bygg og anlegg		
Kombinert byggje- og anleggsformål	BKB1	3,148 daa
	BKB2	3,609 daa
Uteopphaldsareal	BUT	2,097 daa
		8,855 daa
Samferdsel og teknisk infrastruktur		
Veg	f_SV	0,121 daa
Køyreveg	o_SKV1	1,076 daa
	o_SKV2	0,062 daa
Fortau	o_SF1	0,279 daa
	o_SF2	0,326 daa
Gangveg/gangareal	f_SGG1	0,416 daa
	o_SGG2	0,086 daa
Anna veggrunn - grøntareal	SVG1	0,104 daa
	o_SVG2	0,272 daa
	o_SVG3	0,057 daa
	o_SVG4	0,056 daa
	f_SVG5	0,038 daa
	f_SVG6	0,037 daa
	o_SVG7	0,057 daa
Parkeringsplassar	SPP	1,106 daa
		4,098 daa
Grøntstruktur		
Frrområde	GF	2,973 daa
		2,973 daa
Totalt		15,928 daa

Side | 16

8.3 BYGGEFØREMÅL

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Kombinert byggje- og anleggsformål
Areal	6,757 daa
Byggehøgde	k+71, k+67, k+64
%-BRA	35% og 65%
Parkeringsplassar	67

8.4 BYGG ANLEGG

8.4.1 Kombinert byggje- og anleggsformål

BKB1 og BKB2 er områder for kombinert byggje- og anleggsformål. Det er lagt inn gangveggar som forbind områda internt, grøntområde i sør og den kommunale vegen Alvermarka. Det er også lagt inn gatetun SGT som er dimensjonert for at bussar skal kunne snu. Gatetun SGT gjev tilkomst til utandørs parkeringsareal SPP og parkeringskjellar.

BKB1:

BKB1 som ligg lengst nord legg til rette for barnehage og undervisning. Arealet til BKB1 er 3149 m². Det er i dag to bygg på området som begge har to etasjar med ei bygghøgde på kote +67. Ein legg opp til å rive det nordlegaste bygget (tomt 1) og erstatte det med eit nytt og større bygg med parkeringsgarasje. Det planlagde bygget har 3 etasjar og ei byggehøgde på kote +71. Vidare opnar planforslaget for eit påbygg med 1 etasje og ei bygghøgde på kote +64 på det sørlege bygget innan BKB (tomt 2). Det er lagt inn ei byggegrense på 4 m frå eigedomsgrensene.

BKB2:

BKB2 i sør legg til rette for undervisning og samlingslokale i eksisterande bygg på området. Bygget har 2 etasjar og ei byggehøgde på kote +67. Planforslaget opnar for eit påbygg med 2 etasjar i nordaustleg hjørne av eksisterande bygg. Byggehøgda på påbygget er på kote +67.

8.5 LEIK/UTEOPPHALD

Det er tenkt uteoppholdsareal, BUT, på eigedomsteigen 137/344 som ligg i sør. BUT er på 2088 m² og skal opparbeidast med leikeapparat, parkanlegg og stiar som elevar på Nordhordland Kristne Grunnskole kan nytte på dagtid. Utanom skuletid vil området vere tilgjengeleg for ålmenta. Resterande areal på eigedomsteigen er på 2974 m² og vert regulert som friområde, GF, og skal bevarast slik området er i dag.



Figur 14: Uteoppholdsareal BUT i sørlege deler av planområdet.

Nordhordland Kristne Grunnskole har godkjenning frå Lindås kommune for 150 elevar for dagens uteareal og 196 elevar ved delt friminutt. Planforslaget legg dermed opp til eit betre uteområde, i staden for delte friminutt, samstundes som ein gjer området meir tilgjengeleg for ålmenta.

Ift. rapport utarbeidd av Helsedirektoratet i 2003 for *Skolens utearealer vil skulen sitt bruksareal ute i denne rapporte bli definert av tilgjengeleg nettoareal innanfor tomtegrenser når bygningar, parkering og anna biltrafikkareal trekt i frå. Det er foreslått eit generelt minimumskrav på 50 m² nettoareal for kvar elev. Det stillast også krav om minimumsareal gradert etter skulestorleik. Minimumskrav ved middels store skular (100-300 elevar) er ca. 10 000 m².*

Om ein skal følgje desse forslaga trengst det: 196 elevar x 50 m² = 9800 m² eller minimumskravet på ca. 10 000 m².

I planforslaget er det eit totalt uteareal på 7 364 m² for skulen. Dette omfattar BUT, GF og areal rundt bygget innanfor BKB2 som er opparbeida som uteoppholdsareal med blant anna areal for ballspel. Sjølv om det totale uteoppholdsarealet ikkje er like stort som det som står anbefala i rapporten frå Helsedirektoratet vurderer vi likevel arealet som tilstrekkeleg. Skulen er allereie godkjend med eit elevtal på 196 elevar med dagens utearealar. Planforslaget legg opp til ein auke i uteoppholdsareal på 2088 m² ved opparbeiding av BUT som vil vere ei stor forbetring ift. dagens situasjon. Det er heller ikkje fastsett krav til uteoppholdsareal for skule i kommuneplanen.

8.6 PARKERING/GARASJE(R)

I samsvar med føresegnene i kommuneplanens arealdel er minimumskrava for parkering 1 plass per årsverk for barne- og ungdomsskular, 1 plass per 5. barn for barnehagar og 1 plass per 30 m² for forsamlingslokale. 2,5 % av parkeringsplassane skal merkast funksjonshemma i samsvar med kommunedelplan Knarvik-Alversund.

Ved Nordhordland Kristne Grunnskole er det i dag 40 årsverk og ved Alversund Montessorribarnehage er det 60 born. Bygget som er sett av til undervisning og forsamlingslokale på BKB2 vil berre verte nytta som forsamlingslokale utanfor undervisningstid og barnehagetid, så parkeringsbehovet i samband med denne bruken vil kunne bli dekkja av minimumskrava for barnehagen og skulen. Minimumskrav til parkeringsplassar vert 52 plassar.

Side | 18

Parkering skule:

40 årsverk x 1 pp per årsverk = 40 pp

Parkering barnehage:

Antal born 60 stk x 1 plass per 5. born = 12 pp

Det er sett av 67 parkeringsplassar i planområdet, 31 utandørs på SPP og 36 i parkeringsgarasje i planlagd bygg på BKB1. Det er sett av litt fleire parkeringsplassar enn minimumskravet slik at ein er sikkert på det vert avsett nok parkeringsplassar til når skulen skal nyttast som forsamlingslokale.



Figur 15: Parkeringsplassar i planområdet.

8.7 TRAFIKKAREAL

8.7.1 Veg

Planforslaget inneheldt ein veg, f_SV, som er ei avkøyrsløse frå Alvermarka til Bumarka.

8.7.2 Køyreveg

Planforslaget inneheldt to køyreveggar, o_SKV1 og o_SKV2. o_SKV1 er den kommunale vegen Alvermarka som går langs vestre del av planområdet. o_SKV2 er innkøyrsløse til planområdet.

8.7.3 Fortau

Planforslaget inneheld to areal for fortau. o_SF1 går langs nordlege deler av planområdet langs den kommunale vegen Alvermarka og knyt saman planområdet med tilkomstvegen frå nord. Den knyt òg saman planområdet med undergang som går under Fv. 565 og vidare til busshaldeplass. Planforslaget legg opp til å utbetre fortauet ved undergangen der det i dag ikkje er opphøgd gangfelt. o_SF2 fortset vidare sørover langs Alvermarka og koplar skuleområdet saman med leike og grøntområdet i sør, BUT og GF. Fortaua har ei breidde på 2,5 m.

8.7.4 Gangveg/gangareal


Planforslaget inneheld to areal for gangveg, f_SGG1 og o_SGG2. f_SGG1 er kopla saman med o_SF2 og gjev tilkomst til alle eksisterande og planlagde bygg internt i planområdet. f_SGG1 er gjennomgåande gjennom planområdet og koplar planområdet saman med sti i nordaust. o_SGG2 er del av den tidlegare vegen Stølsmarka som i planforslaget skal stengast for gjennomkøyring ved krysset Alvermarka/Stølsmarka. Dette er gjort for å sikre ein trafikksikker tilkomst for skuleborna frå skuleområdet til leike og grøntområdet i sør.

8.7.5 Parkeringsplassar

Planforslaget inneheld eit areal for parkering, SPP. SPP ligg på vestsida av planområdet langs den kommunale vegen Alvermarka og har plass til 31 bilar. Parkeringsplassen er lagt nærast mogeleg Alvermarka for at trafikk i minst mogeleg grad skal trekkast inn mot uteareala kring dei eksisterande bygga i planområdet. Det er også lagt opp til 36 parkeringsplassar i parkeringsgarasje under bygget som er planlagt på BKB1.

8.7.6 Vurdering av tilhøva for mjuke trafikantar

Like nord for planområdet ligg det busshaldeplassar. Det er trygg tilkomst til desse frå planområdet i form av fortau og gangveg. Krysset inn til planområdet frå fylkesvegen har også nylig blitt oppgradert. Det er såleis trygt å gå heile vegen frå busshaldeplassen til planområdet for mjuke trafikantar. Planforslaget legg opp til samanhengande fortau framfor undergangen under fylkesvegen. Dette vil bidra til eit fysisk hinder for bilar slik at dei ikkje har moglegheit til å køyre i undergangen, noko som er ei forbetring ift. dagens situasjon. Ved å gjere dette, samt å leggje til rette for gangareal innanfor skuleområdet, vurderer vi det ikkje som naudsynt å gjere yttarlege tiltak for mjuke trafikantar.



Figur 16: Flyfoto og utsnitt av reguleringsplanen som syner tiltak for mjuke trafikantar.

8.8 STØYTILTAK

Planområdet ligg innanfor gul støysone. Det er difor vorte utarbeida ein støyrapport av Sweco, så vedlegg.

I rapporten er det konkludert med følgande:

Sjøv om skulebygget ligg i gul og raud støysone vurderar Sweco det slik at intensjonen til støyretningslina som oppfylt dersom:

1) Innandørs støyforhold tilfredsstillast i samsvar med NS 8175

- Dette vurderast som løysbart med vanlege fasadekonstruksjonar og lydvindauge, men må dokumenterast i byggesak

2) Krav til støynivå på uteopphaldsareal tilfredsstillast

- Dette kan tilfredsstillast med støyskjerm mot veg Alvermarka langs BUT. Detaljering av støyskjermen kan takast i ein seinere fase.

3) Solavskjerming for støyutsette fasadar vurderast.

8.9 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

Avfallshandtering innanfor planområdet vil vere som i dag med bruk av bossdunkar.

8.10 GRØNTSTRUKTUR

Det er regulert inn friområde, GF, på grøntområde saman med BUT i planen. GF er 2974 m² stort og vert knytt saman med nordleg del av planområdet via sti gjennom BUT, o_SGG2 og o_SF2.

8.11 RISIKO

Det er ingen kjende risikoar i planområdet og dermed heller ingen omsynssoner.

9 KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

9.1.1 RPR og andre overordna planar

Planforslaget er i samsvar med overordna retningslinjer og regionale planar.

9.1.2 Kommuneplan

Ikkje aktuelt.

9.1.3 Kommunedelplan

I kommunedelplan for Knarvik - Alversund 2007-2019 er området sett av til bustader, bygning med særskild allmennyttig formål og næringsverksemd. Planforslaget er i hovudsak i samsvar ved dette formålet, grøntområde på gnr. 137 bnr. 344 som er sett av til framtidig bustadbygging er endra til grøntområde.

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Planforslaget er ikkje i samsvar med eksisterande reguleringsplanar for området. Planforslaget legg opp til at sørlege del som er regulert til barnehage i reguleringsplan for Alversund utmark gnr. 137 bnr. 13 m.fl. (arealplan-ID 1263 22011973) vert sett av til grøntområde. Nordleg del av planområdet er regulert til næringsformål i reguleringsplan for Buheim gnr. 137 bnr. 284 (arealplan-ID 1263-11061974). Dette området er i planforslaget sett av til kombinert byggje- og anleggsformål, som består av to delområde. BKB1 er sett av til barnehage og undervisning, medan BKB2 er sett av til undervisning og forsamlingslokale.


9.3 ESTETIKK

Uteareal

BUT legg opp til å ruste opp i underkant av halvparten av grøntområdet på eigedomsteig 137/344. Her er det planlagt diverse leikeapparat, natursti og andre opparbeidde grøne områder. Området vil verte brukt av Nordhordland Kristne Grunnskole i skuletida, medan utanom skuletid vil område vere tilgjengeleg for ålmenta. Opprustinga av området vil dermed kome naboar og andre til gode. Resterande del av eigedomsteigen skal ein bevare slik den er i dag.

Terrenginngrep og bygg

Området er i dag i stor grad allereie utbygd, og det vil verte få terrenginngrep i planområdet. Det føreligg planar om eit nytt bygg på BKB1 på Tomt 1, som ligg i nordvestlege del av planområdet med 3 etasjar og ei byggehøgde på kote +71. Bygget vil ligge opp mot skråning som går opp mot Fv. 565, noko som vil minke intrykket av bygget i omgjevnadane. Vidare legg planforslaget opp til å ruste opp deler av grøntområde på eigedomsteig 137/344, noko som vil gje området eit betre estetisk inntrykk.



Figur 17: Illustrasjonsplan for planområdet.

9.4 UNIVERSELL UTFORMING

TEK17 vil følgast i utforming av/tilkomst til bygg og uteområde der dette er relevant.

9.5 KONSEKVEN SAR FOR NABOAR

Området er i dag for det meste utbygd. Det nye bygget som er planlagt skal ligge i nordvestlege del av planområdet, som vil gje ei plassering lengst mogeleg vekk frå naboar. Bygget er planlagt aust for dei næraste naboane og opp mot skråningen som går opp mot Fv. 565 og vil dermed ikkje endre verken soltilhøva eller utsynstilhøva i særleg grad. Det nye bygget kan derimot ha ei noko støydempende effekt for støy frå Fv. 565.

Side | 23

Planforslaget legg opp til å legge til rette for at ein kan auke elevtalet til 196 frå dagens elevtal. Dette kan føre til noko meir støy og trafikk i skuletida. Samstundes er skuletida mellom 8-14 og det vil vere svært avgrensa trafikk i samband med skulen utanom denne tida. Skulen sine friminutt utgjer til saman 50 minutt i løpet av ein dag og utanom friminutta vil det vere minimalt med støy frå skulen. Barnehagen som allereie er etablert i planområdet har vesentleg meir uteaktivitet, nesten heile dagen.

9.6 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Parkering vil vere på eigen grunn og såleis ikkje vere til hinder for tilgrensande bustader. Planforslaget kan også føre til ein liten auke i trafikken på den kommunale vegen som leier inn til planområdet, men dette er ikkje ein auke av vesentleg karakter. Sjå vedlagt trafikkanalyse utarbeida av Cowi.

9.7 KULTURMINNE

Det er ikkje registrerte kulturminner eller kulturmiljø i planområdet. Ein finn SEFRAK-bygningar (Bygningar før 1900) og arkeologiske kulturminne i nærleiken, men planforslaget vil ikkje ha innverknad på desse.

9.8 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Det er ikkje registrert særskilte interesser for born og unge i planområdet. Det er nokon stiar i området i dag, og desse koplingane vert ivaretatt i planarbeidet. Uteopphaldsområde BUT vil verte opprusta, noko som vil betre barn og unge sine interesser i nærmiljøet og tilgangen til friluftaktivitetar i området. Friområdet GF vil verte opprettheldt som ein grønstruktur i området.

9.9 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Planområdet ligg med nærleik til alle naudsynte private og offentlege tilbod og vil ikkje ha noko konsekvens i forhold til desse.

9.10 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR FOR KOMMUNEN

Ingen kjente.

9.11 INFRASTRUKTUR

Planforslaget legg opp til å utbetre fortauet ved undergangen nord i planområdet der det i dag ikkje er opphøgd gangfelt.

9.12 VA OG ENERGI

Det er eksisterande VA-anlegg i området som har tilstrekkeleg kapasitet for utbygginga. Ved innsending av rammesøknad skal det føreliggje godkjend rammeplan for vassforsynings-/ overvatns- og spillvatnsystemet, samt uttak for brannsløkking.

9.13 NATURMANGFALD

Naturmangfaldslova og prioriterte artar

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8: Kunnskapsgrunnlaget.

§ 9: Føre-var-prinsippet.

§ 10: Økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11: Tiltakshavar betaler.

§ 12: Miljøforsvarlege tekniskar.

Side | 24

Vurdering etter §8 Kunnskapsgrunnlaget:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags landskap, økosystem, naturtypar eller artar vert råka av planen?	Nordre deler av planområdet er i dag hovudsakleg utbygd. I sør er det eit grøntområde som delvis skal bevarast med vegetasjon, medan resten av arealet skal opparbeidast med leikeareal og sosial sone. Det er ikkje avdekka viktige natur- eller dyreliv i nærleiken av planområdet.
Kva slags effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Planen vil ha liten innverknad på landskap, økosystem, naturtypar og artar. Store deler av planområdet er allereie opparbeidd og om lag halvparten av grøntområde i sør vil verte opparbeidd med leikeplass og liknande som vil gje kvalitet i landsapsromma.
Korleis er tilstanden for landskapet, økosystem og utviklinga i tal på lokalitetar av naturtypane og bestandene på landsbasis og på staden?	Det er ikkje registrert dyreartar, utvalte naturtypar, verneområder, etc. i planområdet eller i nærområdet.
Føreligg det faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Ein er ikkje kjend med at det føreligg faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i planområdet.
Føreligg det erfaringsbasert kunnskap (frå lokalsamfunnet, kommunar og andre myndigheiter) om det aktuelle planområdet?	Føreligg ingen særskild erfaringsbasert kunnskap som ein er kjend med om planområdet.
Vil planen påverke truga og nært truga artar på Norsk raudliste for artar 2010?	Vil ikkje påverke truga og nært truga artar på Norsk raudliste for artar 2010.
Vil planen påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2011?	Vil ikkje påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2011.
Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar?	Vil ikkje påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar.
Vil planen påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta område eller verna vassdrag (jf. verneplan for vassdrag)?	Vil ikkje påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta område eller verna vassdrag.
Vil planen påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar?	Det er ingen bekkar eller elver i eller i nærleiken av planområdet. Planen vil ikkje påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar.
Vil planen påverke utvalde kulturlandskap?	Planen vil ikkje påverke utvalde kulturlandskap.
Vil planen påverke miljøregistreringar i skog?	Planen vil ikkje påverke miljøregistreringar i skog.
Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Planen vil ikkje påverke inngrepsfrie naturområde (INON).
Vil planen påverke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald?	Det er ikkje kjent at planen vil ikkje påverke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald.

Vurdering etter § 9 Føre-var-prinsippet:

Sentrale tema	Vurdering
Veit ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og om kva slags verknadar det aktuelle tiltaket har for desse?	Ja, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.
Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Det vil berre verte gjort mindre inngrep i landskapet. Store deler av planområdet er allereie opparbeidd og grøntområde i sør vil verte bevart. Det vil verta terrenginngrep i landskapet, men samstundes skal ein ivareta naturlege landskapstrekk og -element i friluftsområda og i

	uteopphaldsområda. Det er ikkje kjent at tiltaka vil føra til vesentleg skade på økosystem, naturtypar og artar.
--	--

Vurdering etter § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags eksisterande tiltak eller bruk utgjer ei påverking på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Planområdet er for det meste i dag allereie opparbeida. Ein kan ikkje sjå at desse tiltaka har noko nemneverdig påverking på økosystem, naturtypar og artar.
Kva slags framtidige tiltak og bruk i landskapet eller økosystemet som ein har oversikt over kan utgjere ei påverking på naturtypar og artar?	Det vil skje svært få tiltak utanfor areal som allereie er opparbeida. Ein er såleis ikkje kjent med at tiltaka vil påverka naturtypar og artar, då det ikkje er gjort viktige registreringar dette i området.
Kva vil den samla belastninga (effekten) av planen eller tiltaket være, det vil seie eksisterande tiltak og bruk, planforslaget og framtidige tiltak og bruk?	Den samla belastninga av planen vil vere liten. Det vil som tidlegare nemnd skje svært få tiltak utanfor areal som allereie er opparbeida.
Kva veit ein om situasjonen for det naturmangfaldet som råkas på kommunenivå, fylkesnivå og på landsbasis?	Det er ikkje kjent at naturmangfald av stor viktighet vert råka.
Manglar ein kunnskap om verkinga (effekten) av planen sin samla belastning for landskap, økosystem, naturtypar og artar? I så fall må § 9 tilleggas stor vekt.	Nei, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.

Side | 25

Vurdering etter § 11 Tiltakshavar betaler:

Paragrafen går på at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. Kostnadar som tiltakshavar kan måtte kome til å måtte dekke for å få tatt nødvendige naturmangfaldsomsyn kan vere:

- At tiltakshavar vert pålagt å betale for å skaffe meir kunnskap om naturmangfald.
- At tiltakshavar vert pålagt å overvake naturtilstanden.
- At tiltakshavar må velje ein meir kostbar og tidkrevjande teknikk, lokalisering eller driftsform.
- At tiltakshavar får gjennomføre tiltaket, men at det vert gitt pålegg om retting eller avbøtande tiltak som reduserer eller minimerar skadane på naturmangfaldet.

Ein er ikkje kjend med at tiltakshavar må dekke kostnadar knytt til å sikre særskilde naturmangfaldsomsyn.

Vurdering etter § 12 Miljøforsvarlege teknikkar:

Paragrafen går på at for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultat.

Det er i planframlegget forsøkt å ivareta dette.

Samla vurdering av naturmangfaldet

Ut frå vurdering etter § 8-12 naturmangfaldslova kan ein ikkje sjå at planforslaget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området. Det er ikkje noko kjend biologisk mangfald i planområdet som har spesiell verdi. Området er i kommunedelplanen avsett til bustad og friområde, og vidare regulert i tråd med dette i gjeldande områdeplan. I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskarta til artsdatabanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald. Det er ikkje avdekket konflikthar mellom arealbruksendingane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i forhold til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap.

Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk

Vedteke av kommunestyret 14.4.2011

N	S5									
Y	S4									
S	S3									
N	S2									
N	S1									
A										
S		K1	K2	K3	K4	K5				
		KONSEKVENS								

N	S5									
Y	S4									
S	S3									
N	S2									
N	S1									
A										
S		K1	K2	K3	K4	K5				
		KONSEKVENS								

N	S5									
Y	S4									
S	S3									
N	S2									
N	S1									
A										
S		K1	K2	K3	K4	K5				
		KONSEKVENS								

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 – svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no					
1	Sterk vind	S2xK2	S2xK1	S2xK2	Planområdet er ikkje særleg utsett for vind, men det kan førekomma og bygga må utformast for å tåla vindpåkjenning.
2	Store nedbørsmengder				Store nedbørsmengder kan førekome, men dette blir ikkje sett på som noke problem.
3	Store snømengder				Store snømengder er sjeldan eit problem i dette kystområdet.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elvar / bekkar				Ikkje aktuelt då det ikkje er elver eller bekkar i eller i nærleiken av planområdet.
6	Flaum i vassdrag/ innsjøar				Ikkje aktuelt.
7	Overvasshandtering				Skal handterast lokalt ved fordrøyning.
8	Springflod / stormflod				Ikkje aktuelt, då planområdet ikkje ligg ved sjø.
9	Historisk flomnivå				Ikkje aktuelt
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					
11	Kvikkleireskred				Ingen kjent risiko.
12	Lausmasseskred				Ingen kjent risiko.
13	Is - og snøskred				Ingen kjent risiko.
14	Steinras, steinsprang				Ingen kjent risiko.
15	Historiske hendingar				Ikkje kjent.
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ikkje aktuelt.
18	Utgildingar				Ikkje aktuelt.
19	Radon				Det er ikkje kjent at området er utsett for høge radonverdiar. Etter TEK10 vert nye bygg sikra tilstrekkeleg mot radon.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dirnat.no					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
23	Fuglar				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
24	Anna				
Kulturområde www.kulturminnesok.no					
25	Freda kulturminne				Ingen registrert eller påvist.
26	Sefrak-bygg				Ingen registrert eller påvist.
Verksemdbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon					
27	Brannfare	S2xK3	S2xK2	S2xK3	Det vert planlagt for undervisningsbygg. Ein må forholde seg til gjeldande krav for materialbruk, avstand, etc. Det er ikkje vurdert at området er særleg

					brannutsett. Lindås og Meland brannvern ligg på Alverflaten, mindre enn 1 km frå planområdet.
28	Eksplisjonsfare				Det er ikkje planlagt for tiltak som kan gje eksplisjonsfare.
29	Anna				
Energitransport					
30	Høgspenning				Ingen kjent risiko.
31	Lågspenning				Ingen kjent risiko.
32	Gass				Ikkje aktuelt.
33	Anna				
Forureina vatn					
34	Drikkevasskjelde				Ingen kjent risiko.
35	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.				Ingen kjent risiko
36	Nedbørsfelt				Ingen kjent risiko.
37	Grunnvassnivå				Ingen kjent risiko.
38	Anna				
Forureining - grunn					
39	Kjemikalieutslepp				Ingen kjent risiko.
40	Anna				
Forureining - luft					
41	Støv/partiklar/røyk				Ingen kjent risiko.
42	Støy				Ingen kjent risiko.
43	Lukt				Ingen kjent risiko.
44	Anna				
Friluftsliv og tilgjenge til sjø http://www.hordaland.no					
45	Fri ferdsel langs sjø				Ikkje aktuelt.
46	Friluftsliv				Det går stiar/gangdrag gjennom området. Dette er sikra i planen.
47	Anna				

Sårbarheit knytt til infrastruktur					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare http://www.vegvesen.no					
48	Trafikkulykker på veg				Det er fortatt som leier inn til planområdet og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er såleis ivareteke.
49	Anna				
Forureining					
50	Støv/partiklar				Ingen kjent risiko.
51	Støy				Ingen kjent risiko.
52	Lukt				Ingen kjent risiko.
53	Utslepp/kjemikalier				Ingen kjent risiko.
54	Anna				
Ulukker på nærliggjande vegar/transportåre http://www.vegvesen.no					
55	Veg				Det er registrert fleire ulukker på fylkesvegen nord for planområdet, men ingen ulukker på den kommunale vegen ved planområdet.
56	Sjø				Ingen kjent risiko.
57	Luft				Ingen kjent risiko.
58	Anna				

Risikomatriser - oppsummering

Raud	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreducerande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Gul	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP=As Low As Reasonable Practicable). Det vil vera naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterligere risikoreducerande tiltak.
Grøn	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligere risikoreducerande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut i frå økonomiske og praktiske vurderingar.

Side | 29

RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENNS						

RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENNS						

RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENNS						

Oppsummering ROS-analyse:

Det er ingen særskilde risikomoment som går fram av ROS-analysen.

10 MERKNADAR

10.1 SAMLA MERKNADAR

Nr	Avsendar	Dato
	Offentlige instansar	
1	Hordaland fylkeskommune	08.11.2016
2	Fylkesmannen i Hordaland	11.11.2016
3	Statens vegvesen	11.11.2016
4	Noregs vassdrags- og energidirektorat	14.11.2016
	Private	
5	Arthur Træen m.fl.	11.11.2016
6	Eli og Ivar Uglenes, Arthur Skar, Else Karin Lunde Skorpen og Olav Magnar Skorpen, Tone J. Røssang Kleivdal og Lars Tore Kleivdal og May-Lin og Steinar Aakvaag	12.11.2016

Merknadene er oppsummert og kommentert i vedlagt i merknadsskjema.

11 FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planforslaget legg til rette for å byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole og å vidareutvikle grøntområdet på eigedomsteig 137/344. I nord er området regulert til kombinert byggje- og anleggsformål, BKB1 og BKB2, og vidare godkjent for både forsamlingslokale og undervisning. Innanfor BKB1 vert det lagt opp til barnehage og undervisning, og innanfor BKB2 vert det lagt opp til undervisning og forsamlingslokale. Ved grøntområde på eigedomsteig 137/344 ynskjer ein å utvikle deler av området til uteoppfallsareal, medan resterande areal vil verte bevart slik det er i dag.

Stølsmarka

Detaljregulering:

gnr. 137 bnr. 344, 693, 723 m.fl.

Lindås kommune

Tiltakshavar:

Nordhordland Bibelsenter

Konsulent:

Ard arealplan as

Nygårdsgaten 114

5008 Bergen

+47 55 31 95 00

www.ardarealplan.no

Prosjektleder:

Jan Espen Vik

Utarbeidd av:

Lene Lindhardt Hammer

Anders Haaland

Hedvig Godvik Olsen

Sandra Aleksejeva

Layout:

Jørgen Håland